

Møteprotokoll

Utval: Stølsheimen verneområdestyre
Møtestad: Scandic Byparken, Bergen
Dato: 27.02.2015
Tidspunkt: 12:30 – 14:30

Følgjande faste medlemmar møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Hans Erik Ringkjøb	Nestleder	VOSS
Marta Finden Halset	Leder	VIK
Silje Hjemdal	Medlem	HOFK

Følgjande medlemmar meldte forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Karen Marie Hjelmseter	MEDL	SFFK
Oddvar Østerbø	MEDL	HØY
Knut Moe	MEDL	MODA

Følgjande varamedlemmar møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
Liv Anne Aanesen	Knut Moe	MODA

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Anbjørg Nornes	Sekretær

Underskrift:

Vi stadfestar med underskriftene våre at det som er ført på dei sidene vi har signert i møteboka, er i samsvar med det som vart vedteke på møtet.

Saksliste

Utvals- saksnr	Innhald	Lukka	Arkiv- saksnr
ST 7/15	Godkjenning av innkalling og dagsorden		
ST 8/15	Underskrift av protokoll frå forige møte		
ST 9/15	Stølsheimen landskapsvernområde - klage på vedtak om dispensasjon til vassdragsregulering i Breidalselva i Ortnevik		2013/1592
ST 10/15	Stølsheimen verneområdestyre - høyring - forenkling av utmarksforvaltninga		2014/4618
ST 11/15	Stølsheimen verneområdestyre - høyring - revidering av vedtekter for nasjonalpark-/verneområdestyre, samt stillingsinstruks for forvaltar		2014/4673
ST 12/15	Stølsheimen landskapsvernområde - fordeling av tiltaksmidlar 2015		2014/4303
RS 1/15	Delegasjon av myndighet til å behandle klagesaker etter naturmangfoldloven		2013/437

Andre saker:

Møteplan for Stølsheimen verneområdestyre i 2015

Neste møte i verneområdestyret vert 1. juni. Møtet er planlagt som eit heildagsmøte i Finden.

Informasjonstavler

Nærøyfjorden verdsarvpark planlegg oppsett av informasjonstavler i Vik om Vestnorsk Fjordlandskap delområde Nærøyfjorden. Det bør setjast opp informasjon om Stølsheimen landskapsvernområde i tilknytning til desse informasjonstavlene. Styreleiar og forvaltar fylgjer opp saka.

ST 7/15 Godkjenning av innkalling og dagsorden

Saksprotokoll i Stølsheimen verneområdestyre - 27.02.2015

Vedtak

Møteinnkalling og dagsorden vart godkjent.

ST 8/15 Underskrift av protokoll frå forige møte

Saksprotokoll i Stølsheimen verneområdestyre - 27.02.2015

Vedtak

Protokoll frå styremøte 16.12.14 og 09.02.15 vart underskrivne.

ST 9/15 Stølsheimen landskapsvernområde - klage på vedtak om dispensasjon til vassdragsregulering i Breidalselva i Ortnevik

Saksprotokoll i Stølsheimen verneområdestyre - 27.02.2015

Handsaming i møte

Framlegg til vedtak:

Styret tek ikkje klagen til fylgje og står fast ved sitt tidlegare vedtak. Saka vert sendt vidare til Miljødirektoratet til endeleg vedtak.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Styret tek ikkje klagen til fylgje og står fast ved sitt tidlegare vedtak. Saka vert sendt vidare til Miljødirektoratet til endeleg vedtak.

ST 10/15 Stølsheimen verneområdestyre - høyring - forenkling av utmarksforvaltninga

Saksprotokoll i Stølsheimen verneområdestyre - 27.02.2015

Handsaming i møte

Styret diskuterte saka i møte og kom med fylgjande uttale i saka:

Uttale til forenkling av utmarksforvaltninga

Stølsheimen verneområdestyre støttar framlegget om å gje ansvar for forvaltninga av verneområde til kommunane. Utmarksforvaltninga bør byggast opp med kortast mogleg veg mellom forvaltninga og brukarinteressene. Fyrstelinja bør vera kommunen eller verneområdeforvaltninga alt etter kven som har forvaltningsansvaret.

Oppretting av utmarkstyre med ansvar for blant anna villreinforvaltning og verneområde er vanskeleg å ta stilling til med den informasjonen som føreligg. Det er vanskeleg å vurdera om ei slik omlegging vil føra til forenkling av forvaltninga i vårt område.

ST 11/15 Stølsheimen verneområdestyre - høyring - revidering av vedtekter for nasjonalpark-/verneområdestyre, samt stillingsinstruks for forvaltar

Saksprotokoll i Stølsheimen verneområdestyre - 27.02.2015

Handsaming i møte

Styret diskuterte saka i møte og kom med fylgjande uttale i saka:

Uttale til vedtekter for verne-/nasjonalparkstyre og stillingsinstruks for forvaltar

Ved etablering av ny modell for forvaltning av store verneområde, vart kommunane invitert til å delta i forvaltninga gjennom å stilla med medlemmer i nasjonalpark-/verneområdestyre. Styra skulle vera politisk samansette, og kommunane vart oppmoda om å gå tungt inn i styra ved å velja ordførarar som representantar i styre. Stølsheimen verneområdestyre meiner eit styre med politisk representasjon bør oppnemnast av departementet. Styret er kritiske til at politiske vedtak i nasjonalpark-/verneområdestyre skal avgjerast av eit fagdirektorat og ikkje av politiske organ. Slik vedtektene no føreligg, vurderer styret det som mindre interessant å ha politiske representantar frå kommunane valt inn i verneområdestyre.

Stølsheimen verneområdestyre meiner det bør opnast opp for meir delegering til forvaltar. Saker som er kurante og enkle, og der det ikkje er skjønnsutøving, kan delegerast til forvaltar. Døme på slike saker kan vera løyve til motorferdsel når det er gjeve dispensasjon frå verneforskrifta til byggetiltak og liknande, sjølv om søknaden må vurderast etter naturmangfaldlova § 48. Dersom forvaltar er i tvil om ei sak skal behandlast etter delegasjon, skal forvaltar leggja fram saka for styret.

ST 12/15 Stølsheimen landskapsvernområde - fordeling av tiltaksmidlar 2015

Saksprotokoll i Stølsheimen verneområdestyre - 27.02.2015

Handsaming i møte

Tildeling av tiltaksmidlar for 2015 er på kr. 240 000. Styret fordelte midlane etter prioritering i tiltaksplanen. Tiltak på stien til Torvedalen skal gjennomførast etter bestilling og avtale med SNO og innafor tiltaket skjøtsel av stølsvegar. Arrangement vert finansiert med driftsmidlar til styret, jf. tildelingsbrev frå Miljødirektoratet.

Vedtak

Fordeling av tiltaksmidlar (eks. mva):

Tiltak	Samarbeidsaktørar	Kostnad 2015	Tiltaksmidlar 2015
Skjøtsel av prioriterte stølar og stølsvegar.	Prosjektlear/grunneigar /SNO	160 000	160 000
Vidareføring sti til Solrenningane	Bergen og Hordaland Turlag	100 000	70 000
Tiltak mur Torvedalen	Voss Utferslag	37 500	
Kart og informasjon, arrangement	SNO	20 000	Arrangement/ driftsmidlar
Skjøtsel kulturlandskap Finnafjorden,	Grunneigar/SNO	15 000	10 000
SUM		332 500	240 000

Forvaltar fordeler tiltaksmidlar innafor rammene styre har sett for prioriterte område.

RS 1/15 Delegasjon av myndighet til å behandle klagesaker etter naturmangfoldloven